

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

## Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner Rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg i Vestland fylkeskommune.
2. Årlege meirkostnader knytt til slikt utlån er estimert til 7,6 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at dei vidaregåande skulane får kompensert denne meirkostnaden gjennom auka budsjettramme.

### Samandrag

Fylkestinget vedtok 17.12.2019 i sak PS 14/2019 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 følgjande verbalpunkt:

#### *Kultur, idrett og integrering (KULII)*

*Vidaregåande skular og idrettsfasilitetar i Vestland fylke bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om kostnad og reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg.*

Med grunnlag i det vedtekne verbalpunktet har fylkesrådmannen utarbeidd ein rutine for utlån av fylkeskommunale skulebygg og idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar med eit ikkje-kommersielt formål. Utlånet skal skje utanfor skuletida og det skal ikkje betalast ordinær leige for bruken.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Rutine

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med fylkestinget si handsaming 17.12.2019 av sak PS 14/2019 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, vart følgjande verbalpunkt (nr 8) vedteke:

*Kultur, idrett og integrering (KULII)*

*Vidaregåande skular og idrettsfasilitetar i Vestland fylke bør vere gratis for frivilligheita knytt til born og unge. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om kostnad og reglement for utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg.*

Som ei oppfølging av dette verbalpunktet har Egedomsavdelinga, i dialog med Avdeling for kultur, idrett og integrering samt Avdeling for opplæring og kompetanse, utarbeidd ein rutine for utlån av skulebygg og idrettsanlegg til frivillige lag og organisasjonar med eit ikkje-kommersielt formål.

Gjennom rutinen stimulerer ein til frivillig arbeid for mellom anna barn og unge, ved at det ikkje skal betalast ordinær leige for bruken. Det fylkeskommunen vil kunne krevje dekning av er faktiske meirkostnader som til dømes ekstra oppvarmingskostnader og ekstra utgifter til reinhald, vakthald/tilsyn og opplæring av brannansvarleg. Det kan ved spesielle høve avtalast at brukar kan få utføre reinhaldet sjølv.

Utlånet skal skje utanfor skuletida måndag-fredag og i helgar, og skal vere avslutta innan kl 22 om kvelden. Det er eit vilkår at bruken ikkje kjem i konflikt med undervisninga eller skulen sine øvrige ordinære aktivitetar. Sjå punkt 3 i rutinen.

Særleg for idrettsanlegg er det vanleg at kommunane organiserer dei frivillige laga og organisasjonane sin bruk. Dette for å sikre ei god prioritering og rettvis fordeling av halltid. At kommunen tek dette ansvaret, vil vere ein fordel for fylkeskommunen, og denne løysinga er gjennomført for fleire av idrettsanlegga våre.

For å sikre eit trygt og velfungerande utlån, er det eit vilkår at brukar skal ha ein ansvarshavande kontaktperson. Punkt 6 i rutinen inneheld dei krava som vert stilt til denne kontaktpersonen. Ved utlån til kommunane, der det er mange brukargrupper i bygget til same tid, skal det i tillegg vere ein tilsynsvakt. Skjer det overnatting i bygget, er det krav om vaken vakt som skal gjennomføre jamleg tilsyn med dei aktuelle romma.

Søknad om korttidsbruk, der bruken gjeld for mindre enn eitt skuleår, skal handsamast av skulen. Alle andre søknader skal til fylkesadministrasjonen v/Egedomsavdelinga, og Egedomsavdelinga vil inngå avtale med brukar i nær dialog med skulen.

Ved oppføring og drift av bygg til bruk for fylkeskommunen vil det vere rett til kompensasjon for meirverdiavgift for bygga så langt bygga vert nytta i fylkeskommunal verksemd. Det at fylkeskommunen låner ut bygga til andre, endrar ikkje dette. I og med at areala ikkje vert nytta til utleige, vil retten til kompensasjon for meirverdiavgift etter meirverdiavgiftskompensasjonslova vere i behald.

Sidan rutinen er generell, kan det vere enkelte skulebygg og idrettsanlegg som det gjeld særreglar for, og som ikkje går fram av rutinen. Eit eksempel på dette er Sogndal Idrettshall, som er ein fleirbrukshall eigd av fylkeskommunen. Idrettshallen inneheld både full handballbane, som kan delast i 4 små salar, samt symjehall. I tillegg til at anlegget vert brukt av den vidaregåande skulen i Sogndal, vert det òg nytta av kommunen, ulike foreiningar og idrettsgrupper, høgskulen mm. Symjehallen er dessutan open for offentleg bading nokre kveldar i veka. Anlegget har frå oppstart av hatt eigne rutinar, med eiga vaktordning og administrasjon.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse i denne saka, då fylkestinget tek avgjerd i alle saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkeskommunen skal ikkje ha inntekter av bruken, men kan krevje kompensasjon for meirkostnader som til dømes ekstra utgifter til reinhald, vakthald/tilsyn og opplæring av brannansvarleg. Utlån av fylkeskommunale skulebygg og idrettsanlegg vil likevel innebere eit meirarbeid for skulane knytt til administrasjon og oppfølging, m.a. for å ivareta tilfredsstillande tilsyn. Årlege meirkostnader knytt til slikt utlån er estimert til 7,6 mill. kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at dei vidaregåande skulane får kompensert denne meirkostnaden gjennom auka budsjettramme.

Utgifter i form av auke i slitasje på lokala, inventar og utstyr, er også fylkeskommunen sitt ansvar. Det er vanskeleg å berekne kostnadene av dette på noverande tidspunkt.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Frivillige lag og organisasjonar gjev kultur- og idrettstilbod som kjem innbyggerane til gode, og som har betydning for fysisk og psykisk helse. Utlån av lokala våre støttar opp om dette arbeidet.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

## Konklusjon

Frivillighetsarbeidet i samfunnet vårt er ein viktig ressurs. Det skapar mangfald, lokalt engasjement og fellesskap. Utlån av fylkeskommunale skulebygg og idrettsanlegg til lag og organisasjonar med eit ikkje-kommersielt formål vil vere eit viktig bidrag, og som kjem mellom anna barn og unge til gode.

Rutinen vil òg vere med på å sikre lik praksis ved utlån.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte rutinen vert godkjent.